

+

Lov og Evangelium

ISSN 2387-5275

NR. 10

DESEMBER 2015

51. ÅRGANG



Carl Bloch: «Hyrdene får besøk av Herrens engel»

«Og se, en Herrens engel stod hos dem (...). Frykt ikke! For se, jeg forkynner dere en stor glede – en glede for alt folket.» Luk 2:9-10

Oppbyggelig blad på evangelisk, luthersk grunn

BLADET LOV OG EVANGELIUM

utgis av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon.
Det er gratis og kommer med 10 nummer i året.
Frivillige gaver kan sendes kasserer i NLL.

Redaktør: Ingar Gangås, Følstadvegen 135,
7690 Mosvik. Tlf. 74 06 46 50 / 901 51 234

E-post: ingar.gangas@live.no
Redaksjonsråd: Per Bergene Holm,
Dag Rune Lid og Ragnar Opstad
Layout: Kristian Gangaas

Abonnement, oppsigelse og adresseforandring
sendes ekspedisjonen v/Magne Ekanger,
Rolfnesvegen 892, 5420 Rubbestadneset
Tlf. 53 42 92 14 / 412 45 598
E-post: magne.ekanger@haugnett.no

NORSK LUTHERSK LEKMANNSMISJON

ble grunnlagt i 1963 av venner av den luthersk-
rosenianske forkynnelse, og ønsker å forkynne
Guds ord i skrift og tale både i Norge og ute
på misjonsmarken. NLL støtter den lutherske
kirken i Moldova og luthersk litteraturarbeid i
Bolivia og Peru.

Formann: Reidar Heian, Daleneveien 175,
3158 Andebu. Tlf. 33 44 14 19 / 414 95 526
E-post: reidunar_heia@hotmail.com

Sekretær: Konrad Fjell, Laskengrenda 44,
3221 Sandefjord. Tlf. 915 10 064
E-post: konrad.fjell@gmail.com

Kasserer: Kari Mangelrød, Fossnesveien 13 B,
3160 Stokke. Tlf. 33 11 24 05 / 915 58 562
E-post: bibelskolen@nll.no

Bankgiro: 3000 22 26193
Dansk bankgiro: (4665) 10639360
Svensk postgiro: 178 84 80-0

BIBELSKOLEN PÅ FOSSNES

ble grunnlagt i 1992, og eies og drives av NLL.
Skolen har både halvårig og ettårig kurs.

Skolen ønsker å formidle tillit til Guds ord
og spørre etter de gamle stier (Jer 6:16), samt
fremme arven fra lekmannsbevegelsen og våre
lutherske lærefedre.

Adr.: Fossnesveien 13 B, 3160 Stokke
Tlf. 33 33 89 00 – Fax 33 36 56 65
E-post: bibelskolen@nll.no

Bankgiro: 3000 22 26193

Rektor: Per Bergene Holm, Holmveien 20,
3282 Kvelde. Tlf. 995 09 060
E-post: pbholm@online.no

INTERNETT: www.nll.no

Messias – Frelseren – er født

*«I dag er det født dere en frelser, som
er Messias, Herren – i Davids stad.»*

Luk 2:11

Som slagene fra juleklokkene høres
over dal og strand hver jul, så lyder ord-
et fra slekt til slekt om *Frelseren* som
ble født. Vi trenger en frelser, vi er i
nød. Satan, synden og døden fant oss
og slo oss til jorden. Ingen kan lenger
reise seg ved egen makt. «Vår nød er
stor, i dødens natt vi bor».

Men han som måtte låse porten for
oss til livsens land, han lovet å finne en
utvei til å åpne den igjen. Det er uråd
for oss å forstå det, men Bibelen fortell-
er at allerede før verden var grunnlagt,
hadde Gud ordnet med hjelpen. Og da
tiden var der, kom han selv til jord og
ble vår frelser. Han som alle ting er
skapt ved, han ligger i en stall og på
strå, for å gjøre oss rike ved sin fattig-
dom. Nå regner ikke Gud med oss
lenger, nå regner han med ham som sa:
«krev av meg». Han er gått inn i vår ætt,
som menneske blant mennesker, som
den andre Adam. Så han kan ta bort det
onde den første Adam gav oss i arv.

I gleden over det som nå times oss
mennesker, synger engler og himmel-
ske herskarer lovsangstoner opp til
Gud og frelsens bud ned til jord. Kom
da og syng med, alle som har hjerte,
munn og mæle, og la oss tilbe ham som
kom og ville frelse oss fortapte!

Ludvig Hope.

*Fra andaktsboken «Et ord i dag»,
Lunde forlag 1971*

Sjå eg forkynner dykk ei stor gleða!

Av Amund Lid

Det er jula sin store bodskap at Gud forkynner oss ved englar: – *Eg kjem med bod til dykk om ei stor gleða, som skal timast alt folket.*

Kva er så denne store gleða som alle folk skal få del i? Er det dei gledene som til vanleg fylgjer med jula, og som menneske prøver å gleða kvarandre med, som store og små julegåver, fest og hygge i heimen, fritid og besøk av sine kjære osv.? Nei, slike ting er både kortvarige og forgjengelege, og høyrer til det som menneske prøver å skapa jul ved, og dei timast så visst ikkje alt folket. Mange vil nok leva i synd og liding også denne julehelga, og mange vil svelta ihel mens vi lever i overflod og fest.

Guds store gledesbodskap lyder: – *Dykk er i dag ein frelsar fødd, han er Kristus Herren* (Luk 2:11). Denne frelsar er gitt til alt folket, og gamle Simeon vitnar i same kapitlet: «Herre, nå let du tenaren din fara herifrå i fred

etter ditt ord, for augo mine har sett di frelsa som du har skipa til for åsynet at alle folk».

Det merkelege er at denne gåva er ikkje mykje påakta av folk. Det er ingen kø der me tar imot denne frelsa, slik det er i butikkane der dei sel verda sine mange forgjengelege ting til skyhøge prisar. Dei aller fleste viser han ifrå seg, i dag som då Jesus levde og vandra på jorda. Dei brydde seg ikkje om Guds kall og Guds gåve, står det skrive.

Men Gud sender like fullt ut sine vitner for å forkynna oss den store gleða at ein frelsar er oss fødd, også denne julehelga, og Frelsaren står også i år for hjartedøra og bed om å få koma inn. Kor lenge har han stått for di hjartedør?

Han går inga dør forbi, ikkje den uslaste rønna, ikkje det mest syndige og svarte hjarta, for han er ein frelsar som elsker syndaren og kom for å frelsa den fortapte, og han kom til alt

Innhold, desember 2015

Messias – Frelseren – er født. Av Ludvig Hope	side 2
Sjå eg forkynner dykk ei stor gleða! Av Amund Lid	side 3
«Vi så hans herlighet» Av Carl Olof Rosenius	side 5
Fiskeoppdrettar og lekpreikar. Intervju ved Dag Rune Lid	side 9
Møtekalender.	side 13
Frelsesvisshet (3). Av Konrad Fjell	side 15
Gjennom tåken. Av H. E. Wisløff	side 19
Engelens budskap til Maria. Utdrag fra Lukas 1	side 23
En stor glede. Av Øivind Andersen	side 24

folket. Han kom til jorda for di skuld, og difor bankar han på di hjartedør og vil inn i ditt hjarta og liv.

Jesus kom ikkje for å døma deg, nei, han kom for å frelsa deg frå synda og dens fylgjer, både her i livet og når du skal møte den rettferdige og heilage Gud. Jesus leid for dine synder og tok den straffa du skulle lide. Han gjekk i døden for at du skulle leva. Han kom for å gi deg sin fred, som verda ikkje kan gi deg. Han gjorde fred på krossen, og derfor står det skrive at han er vår fred. Han kom for at du skulle få fred med Gud, fred i sjela og samvitet, og Guds fred utrent i hjarta ditt ved den Heilage Ande, den fred som overgår all forstand og som kan bevare hjarta ditt og tankane dine i Kristus Jesus.

I dette barnet som kom til jorda første juleatta, og i denne mannen – som er kalla Menneskesonen – har Gud gitt oss eit liv som varer æveleg. – Den som lever og trur på meg, han skal i all æva ikkje døy, vitna Jesus sjølv for Marta. Han skal leva, om han enn døyr.

Ved han har Gud gitt slekta frelse og barnekår hjå Gud, med alle dei rettar barnekåret gir, som «Guds arvingar og Kristi medarvingar». «Det er dog noe å være barn av Gud, den evige Fader, og her på jorden ha ham til venn som aldri sine forlater». – Å, du vantru ætt, som ikkje kjenner di gjestingstid, og som ikkje veit kva du viser frå deg! Jesus gret når han såg vantrua hjå sitt eige folk, og folket i Jerusalem som ikkje kjende si nådetid, og det gjer han nok også når han ser ned på vårt folk.

Alle våre lesarar vil me ynskja ei av

Gud velsigna julehelg med denne bøna av Lina Sandell:

*«O Jesus, åpne du mitt øye,
at jeg må se hvor rik jeg er.
Jeg har en Fader i det høye
som faderomhu for meg bær.*

*Jeg har en broder ved Guds side
som alltid treder frem for meg,
jeg har en nådestrøm så vide
som himlens hvelving strekker seg.*

*Jeg har en talsmann tro i nøden,
en trøster og husvaler god,
jeg har et evig liv i døden,
en evig fred i Jesu blod.*

*Jeg har et evighetens rike,
et nåderike, det er sant.
Jeg har en krone uten like,
en arv som Jesus til meg vant.*

*Ei burde jeg da gå og sørge,
jeg er en mektig konges brud,
skjønt jeg i vantro titt må spørre:
Hvor er din høyhet og ditt skrud?*

*O Jesus Krist, forøk meg troen
at jeg må se min herlighet,
og aldri, aldri glemme kronen
du har beredt fra evighet.»
(Sb 49)*

Så takkar me for året som snart er gått, og ynskjer og bed at bladet må bli til velsigning i året som kjem.

*Fra arkivet: L&E nr.10,
desember 1975*

«Vi så hans herlighet»

Fra en julepreken av Carl Olof Rosenius

«Og Ordet ble kjød og tok bolig iblant oss. Og vi så hans herlighet, en herlighet som den en enbåren Sønn har fra sin Far, full av nåde og sannhet.»

Joh 1:14

Her får vi høre hvem det egentlig er som ligger i stallens strå, og hva hans viktige ærend og verk på jorden skal være.

Vi vil nå betrakte hva Johannes skriver om selve hovedsaken på juledag: *at Guds Sønn ble menneske*. Og vi skal se hva det betyr for en fallen menneskeslekt at han ble *åpenbart* i kjød.

Apostelen Johannes sier: «Og Ordet ble kjød». At Gud kledde seg i kjød og ble menneske er en uuttømmelig kilde til *ære* for hvert menneske. Ja,

også en kilde for undring og tilbedelse. Vi kan umulig finne ord for hvor mye godt vi burde gjøre oss av den store og forunderlige sannheten at Gud ble som en av oss. Han ble født inn i vår slekt med et menneskes legeme, og ble likevel som han var fra evighet, en sann og allmektig Gud.

Han *var* Gud og *ble* menneske. Begge disse naturene forble uforandret og ublandet. Han skal evig være både Gud og menneske i én person. Men her svimler det for vår tanke. Gud og menneske i én person! Bare dette skjønner vi, at med ordene han *ble kjød*, menes en ren menneskenatur, uten synd, men med alle menneskets svakheter, behov og følelser. Paulus sier at Guds Sønn «da han var i Guds skikkelse, ikke holdt

det for et røvet bytte å være Gud lik, men gav avkall på det og tok en tjeners skikkelse på seg, da han kom i menneskers liknelse» (Fil 2:6-7). Han ble i sin ferd «funnet som et menneske».

Å fatte til bunns hvordan Guds og menneskers vesen og natur på én gang er til stede i Jesus Kristus er for mye for oss.

Den første tanke vi møter når vi vil forsøke å se inn i dette underet,



er at Guds Sønn denne dagen ble et medlem av vår slekt. Dermed er vår ætt blitt opphøyd, og nyter stor ære. Det virkelig store i dette ser vi først mot den bakgrunn av forderv og fornedrelse menneskene ble styrtet ut i ved syndefallet. Vi burde elske og ære hverandre, og vi burde frykte og lyde Gud, vår skaper. Men djevelen forgiftet våre sinn med sin egen frafalne natur, og fruktene av dette ser vi rundt oss i rikt monn: synd og last, spott og hån, hat og misunnelse, løgn og bedrag, baktalelse og blodsutgytelse, mord og krig.

Likevel ville Gud i sin ufattelige farskjærlighet til sine falne og fordervede barn gripe inn og bøte dette onde. Han kom og gav seg inn i vår slekt, så vi med sannhet kan si vi har Gud i vår ætt. Dermed er vi æret og adlet langt ut over det å være bare mennesker. Enhver av oss kan si: Mitt kjød og blod sitter på Guds høyeste trone og regjerer hele verden som en allmektig konge!

Denne ære er så stor at selv englene måtte ønske seg den og si: Tenk om vi

var mennesker! Apostelen sier om Herren: «For det er jo ikke engler han tar seg av, men Abrahams ætt tar han seg av» (Heb 2:16).

Vår slekt ble opphøyd til stor ære ved at Guds Sønn ble menneske. Det har vi nå sett. Og så vil vi særlig tenke over hovedhensikten med Kristi ærend til oss. Han skulle være en *frelser*, slik engelen sa på julekvelden: «I dag er det født dere en frelser» (Luk 2:11).

Hva Jesus skulle frelse oss fra, ble sagt med klare ord da Gud sendte en annen engel til Josef: «... du skal gi ham navnet Jesus, for han skal frelse sitt folk *fra deres synder*» (Mat 1:21).

Jesus kom for å frelse oss fra synden. Dette burde gi oss stor trøst og hvile for våre urolige og tyngede samvittigheter. Vi tenker jo til stadighet: – Jeg skulle nok glede meg over Guds nåde, om jeg bare ikke visste av så mye synd og uverdighet hos meg selv.

Men her hører vi jo at det nettopp var for å fjerne alt som hindrer Guds nåde i å bli min, at Jesus ble vår bror. Glem aldri Guds store råd til frelse: «For likesom de mange kom til å stå som syndere ved det ene menneskes ulydighet, så skal også de mange stå som rettferdige ved den enes lydighet» (Rom 5:19).

Guds Sønn ble menneske for å betale hva et menneske hadde forbrutt. Han stilte seg frivillig fram for å ta all den straff det var mulig å idømme menneskeslekten. Av kjærlighet og barmhjertighet gav Faderen sitt samtykke til dette underlige råd. Jesus lot seg korsfeste og gikk i døden for oss. Ved å bli menneske, på våre vegne, har



han frelst oss. Han frelste oss ikke bare fra døden, men også fra all den elendighet vi var falt i, og han gjeninnsatte oss i den verdighet vi hadde før fallet. I dag feirer vi fødselsdagen til denne mellommannen, den andre Adam. Og sannelig burde dette gi oss hva engelen sa: «en stor glede».

Med inderlig tillit i troen bør vi se følgende i det forhold at Kristus ble menneske: En nåde som overskygger all synd og uverdighet. Men dertil også vente all faderlig og guddommelig omsorg, barmhjertighet og hjelp som følge av vårt brorskap med Kristus. Vi tror at vår store og allmektige bror og frelser bærer omsorg for alt det som kan bekymre våre hjerter. Han skal ikke bare forsvare oss hos Faderen, men også lege alle våre sår og mangler. Han skal være vår gode hyrde, og verne oss i alle forhold, farer og vanskeligheter.

Da skulle vi ha de aller frimodigste samvittigheter, på tross av alle våre synder. Ja, vi ville si: – Om mine synder var tusen ganger verre enn de er, så blir de jo for ingen ting å regne mot dette: Selve den uendelig store Gud og Skaper har gitt seg selv inn i vår slekt for å gjenopprette syndefallet og være en soning for våre synder.

«Frykt ikke! For se, jeg forkynner dere en stor glede – en glede for alt folket» (Luk 2:10). Nå er han kommet, den Herrens salvede, som så lenge hadde vært lovt. For oss som ikke kan annet enn synde, enten vi vil det eller ikke, er dette en umåtelig stor glede. Han som er sann Gud og vår bror, er

gitt som offerlam for oss. Ham være ære og pris og takk nå og i evighet!

En stor vismann anstrengte alle sine evner for å finne ut hva som drev Gud til denne store kjærlighetsgjerning. Han ble til slutt stående ved dette svaret: Gud *elsket*, derfor elsket han. Det vil si at i Guds hjerte fantes dette som vi kaller kjærlighet, og dette var selve årsaken til det han gjorde.

Erfaringen viser oss at kjærligheten er den største drivkraft i verden. Er et menneske virkelig tent av ekte kjærlighet, kan det gjøre slike ting for den elskede som ikke noe annet i verden kunne bevege det til. En mor kan dag og natt utrettelig bære på et sykt barn. Det har aldri gjennom dyder eller gjerninger egentlig gjort seg fortjent til slik varme og omsorg. Men spør vi hvorfor mor gjør dette, så vil hun knapt forstå spørsmålet. – Det er jo barnet mitt, sier hun.

Egentlig var jo vi også skapt til Guds barn, selv om vår slekt nå er syk og vanstelt i synden. Og Gud selv har sagt at han elsker oss mer enn en mor elsker barnet sitt. Om det unaturlige skulle skje at en mor glemte sitt diebarn, så kan aldri det skje at Gud glemmer oss.

Bør vi ikke av dette skjønn litt av Guds hjerteomsorg for oss? Da han fra evighet forutså det kjære barnets nød og ulykke under synden, da måtte han i sin uforanderlige kjærlighet beslutte seg til det siste store offer for å frelse barnet. «For i ham har han utvalgt oss før verdens grunnvoll ble lagt» (Ef 1:4). Tenk vel over dette, så vil kan-

skje noe av den store julefryden få rom i hjertet ditt. Den er ellers for stor til noen gang å fattes helt.

Endelig skal vi minnes at, enten vi begriper det eller ikke, så er det likevel som Johannes sier i teksten vår: «Og ordet ble kjød og tok bolig iblant oss. Og vi så hans herlighet, en herlighet som den en enbåren Sønn har fra sin Far, full av nåde og sannhet».

I dette ligger årsaken til at apostlene utholdt alt de ble utsatt for – fra spott og hån til fengsel, hudstrykning og død. *De hadde sett hans herlighet!* Også vi hadde vel vært mer troende om vi hadde fått være nær og se hans herlighet.

Men hvordan kan Johannes tale om at de *så hans herlighet*? Guds Sønn levde jo i dyp fornedrelse her i verden for vår skyld. Med herlighet menes derfor her alle de tegn på guddommelighet som etter Guds vilje litt etter litt ble åpenbart for å styrke vår tro. Det første av disse tegn var den himmelske hærskaeren som tilbad ham i natten. En konges herlighet vises jo ofte ved den prakt og glans som omgir ham. Barnet i stallen i Betlehem ble tilbudt av engler, og jord og himmel fyltes av lys og sang til ære for dette barn. Himmelen engler fortalte foreldrene hvordan de skulle flykte til Egypt. Og senere, da Jesus var blitt fristet i ørkenen, kom engler og tjente ham. Da han var stått opp fra de døde, var engler ved graven de første til å forkynne det.

Slik ble det sannhet allerede her på jorden det som tidlig var forutsagt av Gud: «Og alle Guds engler skal tilbe

ham!» (Heb 1:6). Tenk nøye over dette! Gud hadde selv forbudt all tilbedelse av de skapte vesener. Hva slags vesen må da denne ha, når Herren sier at alle Guds engler skal tilbe ham? Ja, dette hadde Johannes *sett* med egne øyne. Skulle ikke det være forklaring god nok til ordene: *vi så hans herlighet*?

I tillegg kommer så alle de allmaktsunder Jesus gjorde. Han skapte mat for tusener av nesten ingen ting, han befalte over onde ånder.

Men disiplene synes i særlig grad å ha sett hans herlighet i det som skjedde på forklarelsens berg. Der strålte han mot dem i himmelsk lys og i hvite klær. Han talte med to av himmelens borgere, og en røst fra himmelen sa: «Dette er min Sønn, den elskede. I ham har jeg velbehag!» (Mat 17:5).

Endelig hører det også med til åpenbaringen av hans herlighet at han stod opp av graven. Hans legeme var da herliggjort, og han fór opp til himmelen. Alt dette har Johannes i tanken når han sier: – Vi så hans herlighet.

Ære, lov og takk til Gud, vår himmelske Far, og til hans Sønn, all verdens mektige Skaper! Han som for vår skyld ble kjød, ble et menneskebarn, for at vi skulle bli Guds barn! Ham være ære, lov og pris nå og i all evighet! Amen.

*Fra Skrifter i utvalg, bind IV:
«Korsfestet med Kristus»,
Lunde forlag 1969*

Fiskeoppdrettar og lekpreikar

Intervju ved Dag Rune Lid

– Gleda fylte heile meg, både i kropp og sjel. Det var som eit useieleg lys! Eg fekk sjå at eg var frelst og fødd på ny! Eg såg at alt som eg mangla, det hadde Kristus gjort! Då sprang eg ut i mørkret og nedover dei store kornåkrane, og ropa høgt og lova Gud for frelsa full og fri! Det bobla over! No såg eg det som eg før ikkje hadde sett: Eg har evig liv! Eg er frelst!

Det er Steinar Kvalvik som seier dette, når han beskriv kva som skjedde då han vart frelst. Han bur på Klinga sør for Namsos saman med kona Margrete og dei fem borna deira. No arbeider han innanfor fiskeoppdrett, etter å ha reist med Guds ord på heiltid ein del år fram til 2003.

Han er fødd og oppvaksen på Hitra, lengst ute i havgapet mot det brusande havet i vest. I heimen møtte han den kristne trua heilt frå barneåra. Han var sosial av natur, og venene drog i ei anna retning. Det vart naturleg å bevare sin plass i kameratflokket. Han hadde ingen kristne kameratar, og det var nok medverkande til det som skjedde desse åra.

Kjem bort frå Gud

– Det var ei uskriven lov at når ein var konfirmert kunne ein gå på bygdefestar. Det vart ein del bilkøyning og festing med eldre ungdommar. I denne tida byrja også alkoholen å gjere seg



Steinar Kvalvik

Foto: Ingeborg Næss

gjeldande, og det vart noko festing på ulike ungdomshus på Hitra.

– Det var ikkje noko bevisst indre opprør mot den kristne arven frå heimen, men sakte men sikkert kom eg bort frå Gud. Når eg stod bak «lokalet» å spydde, kunne eg tenkje at dette var ikkje bra, men lenger kom ikkje tanken.

– Far min hadde også levd borte frå Gud i si ungdomstid, og vart ikkje omvend før mot slutten av 20-åra. Måten foreldra mine reagerte på, var at dei tok seg mykje tid til å snakka med meg i denne tida. Den munnlege samtalen i heimen stod sterkt, og det var openheit

både om gleder og sorger, påpeikar han.

– Som 16-åring reiste eg til Val hausten 1991. Det er Misjonssambandet sin naturbruksskule i Namdalen. Mor og far ville sterkt at eg skulle gå der. Familien min hadde ei verksemd innanfor lakseoppdrett, og det var difor naturleg for meg å reise til Val, då ein her kunne ta grunnkurs i akvakultur.

Kallet frå Herren

– Eg begynte med å gå på møter og hadde spesielt god kontakt med ein i personalet som tok seg av meg og viste omsorg for meg. Gjennom andaktar og forkynning vart eg «berørt» og eg ville gjerne vere ein kristen. Då eg reiste frå Val vart eg halden for å vere ein kristen, men då eg kom heimatt den sommaren – rakna heile kristendommen. Då det ytre miljøet forsvann, forsvann også kristendommen, eg hadde ikkje fast feste i Guds Ord, seier han.

Hausten etter byrja han på Rødde folkehøgskule i Melhus i Sør-Trøndelag.

– Same dagen som eg byrja på Rødde, omkom ein av kameratane mine heime på Hitra i ei bilulykke, berre 19 år gamal. Døden kom nær. Eg hugsar eg gjekk i skogen og anklaga Gud fordi ulykka kunne skje.

– På Rødde gjekk eg difor bevisst ikkje på møte, og viste eit tøft ytre. Det kunne godt ha vore meg som omkom, tenkte eg. Då visste eg at eg hadde kome til å gå fortapt. Det stod klart for meg.



Frykta for døden og fortapinga låg der, seier han tankefullt.

Litt ut på hausten fekk dei besøk av Kjell Håland, misjonær og forkynnar i Misjonssambandet. Han hadde møter saman med eit team av ungdommar.

Me ber for deg!

Heile denne tida hadde Steinar god kontakt med foreldra heime på Hitra, og på telefonen sa far:

– Det skal verta hardt for deg å stå mot kallet, Steinar! Me ber for deg!

– Alle besteforeldra mine hadde vorte omvende i vaksen alder, og dei var med og bad om at også eg måtte verte omvend. Så ein dag tok eg ei ny avgjersle, at no måtte det verta alvor. Det må bli i orden, eg må vita at om eg døyr så endar eg ikkje i fortapinga, men i himmelen.

På neste møte reiste eg meg og sa at no hadde eg kapitulert og overgitt meg til Gud. Vedkjenninga stod for meg som ei «rundbøye» eg måtte forbi, og det var mykje følelsar knytt opp til dette. I ettertid ser eg at vedkjenninga ikkje var uviktig, den var med og «batt meg til masta». Noko nådemiddel er ikkje vedkjenninga, men ho er med og bind ein fast til Guds ord som er nådemiddelet.

– Då eg på ny hadde bestemt meg, fekk eg gratulasjonar av dei andre. Men det var enno ikkje skjedd noko i hjarta og samvit. Det har lært meg noko om kor avgjerande viktig det er at ein i forkynning og det kristne arbeidet ikkje berre har som siktemål ei vedkjenning, men at sjelene finn fast feste i Kristus, blir løyste ved Guds Ord.

– Det gjekk nokre dagar, så rakna

det heile igjen. Det var mørkt, vanskeleg og destruktivt. Eg kom til den konklusjonen at eg ikkje kunne verta frelst slik som eg var.

– Då var det at Kjell såg at eg streva. Han tok tak i meg og spurde om me skulle ta ein prat på tomannshand. Han spurde om eg ville vera ein kristen, og eg måtte sanne som sant var, at det ville eg, men greidde ikkje å sjå at eg var det.

– Håland slo opp i Bibelen og las: «Den som trur på Sonen, har evig liv. Men den som ikkje vil tru på Sonen, skal ikkje sjå livet, men Guds vreide vert verande over han» (Joh 3:36).

– Vil du ikkje tru på Jesus du, Stein-ar? spurde han meg. Jau, det ville eg. Les det som her står. Så las eg det høgt: «Den som trur på Sonen, har evig liv. Men den som ikkje vil tru på Sonen, skal ikkje sjå livet, men Guds vreide vert verande over han».

– Det seier meg ingenting, sa eg. Les det enno ein gong, seier han. Eg las det på nytt, ja, eg las det høgt kanskje ti gonger. Då plutselig skjedde det noko. Då såg eg plutselig at eg hadde evig liv! Eg måtte spørje han? Er det verkeleg så enkelt.

– Ja, det er slik det står skrive, svarte Kjell.

Frelsesfryd

– Gleda fylte heile meg, både kropp og sjel. Det var som eit useieleg lys! Eg fekk sjå at eg var frelst og fødd på ny! Eg såg at alt eg mangla det hadde Kristus gjort.

– Då sprang eg ut i mørkret, nedover dei store kornåkrane på Rødde og

Et underlig juletre

Mia Hallesby

En troende dame lå syk i mange år. Det var om formiddagen på julaften. En liten gutt kom sammen med sin mor for å besøke henne. Gutten fortalte fornøyd og glad om hvordan han gledet seg til juletreet og pakkene.

– Stakkars tante, som ikke får noe juletre, sa gutten til slutt med bedrøvet stemme.

Det gikk først en mørk skygge over den sykes ansikt, så sa hun med et lykkelig smil:

– Jeg har jo min Frelser. Hva mer kan jeg ønske meg?

På kvelden hang det på guttens juletre et brev til ham. Det var fra tante. I brevet sto det:

Jo, tante har også et juletre.

Kom, og du skal i ånden se.

Roten er Jesus i krybben lagt.

Toppen er Jesus i himmelprakt.

Stammen er korset med Frelseren på.

Saften er blodet vi syndere få.

*Grenene er alle store og små,
som døpte i troen på Jesus stå.*

Fra «300 fortellinger»,
Indremisjonsforlaget, 1946

ropa høgt og lova Gud for frelsa full og fri! Det bobla over! No såg eg det som eg før ikkje hadde sett: Eg har evig liv! Eg er frelst!

– Då eg vakna neste morgon, slo eg

opp og las verset på ny og såg at det stod der enno. «Den som trur på Sonen, har evig liv. Men den som ikkje vil tru på Sonen, skal ikkje sjå livet, men Guds vreide vert verande over han». Dette gjorde eg kvar morgon i lang tid.

– Eg fann frelsesvisna her, og den hadde eg i mange år utan at eg vart anfekta. Det er som songaren syng: «Hvorledes kan jeg vite at jeg er født av Gud, at Jesus er min broder og synden slettet ut? Spør ei det gamle hjerte, det er bedragerlig. Men se og les i Herrens ord, der svares skriftelig».

Kallet

– No fekk eg trong til å vinna skulekameratane mine for himmelen. Eg hugsar enno ein kamerat eg var mykje saman med på Rødde. Han var så kalla av Gud, men det glapp. Det var ein del «trosser» som hadde losna, men ei trosse heldt han fast, han var bunden av familien. Han vart ikkje med den gongen og er enno ingen kristen i dag. Det gjeld å nytte den laglege tid medan Herren kallar, seier Steinar tankefullt.

Han lika godt å jobbe innanfor lakseoppdrett, og han gjorde seg ferdig med utdanninga og reiste attende til Hitra. Det var fleire som trekte i han om han ikkje skulle byrje å reise med Guds ord.

– Så ein dag fekk eg brev frå rektor på Fjellhaug i Oslo med spørsmål om eg ville ta eit år på forkynnarkurset på Fjellhaug.

– Det brevet vart alvorleg for meg. Eg våga ikkje å unndra meg lenger, og eg kjende på eit indre kall om å byrje å reise med Guds ord. Difor sette eg meg

ned og skreiv eit brev og takka ja til å kome til Fjellhaug vinteren 1997-98.

– Kort tid etter eg hadde sendt brevet, fekk eg tilbod om å verte driftsansvarleg for eit fiskeoppdrettsanlegg. Det var det eg hadde sikla etter i mange år, men eg måtte seie: «Hadde de spurd meg for nokre veker sidan, hadde eg sagt ja, men no vert det forkynnarkurs».

– Det enda med at eg gjekk bibelskulen, då det vart for få elevar til at dei starta forkynnarkurset den hausten. Eg hadde mellom anna Arne Helge Teigen i truslære, og eg opplevde at eg fekk mykje hjelp av det han formidla.

– Her møtte eg også Glenn Nord-Varhaug, og me fann kvarandre menneskeleg og åndeleg. Det førde til at me byrja å reise saman som songevangelistar på Nord-Møre hausten 1998, seier han.

Med det byrja nokre hektiske år der han reiste med Guds ord om vintrane, og om somrane gjekk det i lakseoppdrett.

– Det var gilde år, og me opplevde også ved nokre få høve at uomvende gav seg over til Gud. Me var innom på mange gamleheimar, og dei aller fleste kjøpesenter på Nord-Møre og vitna om Herren Jesus. Om det var rike år, var det også kampfulle år.

I møte med vranglæra

I januar 2003 hende det noko i ei bygd på Nord-Møre, som fekk store konsekvensar for han. Det var laurdag kveld og han hadde talt om Josva som beseira Jeriko (Josvas bok, kap. 6). Det var eit «ord i rett tid», fekk han høyre



Møtekalender

Desember

- 4.-6. Trondheim (Nardo)
Lars Fossdal
- 5.-6. Årnes
Per Bergene Holm
13. Askim (husmøte)
Sigbjørn Agnalt

Januar

3. Randaberg
Ottar Endresen
- 9.-10. Askim
Lars Fossdal

Nyttårssamling 29.-1/1.

Bibelskolen på Fossnes

Talere: Konrad Fjell, Martin Fjære,
Lars Fossdal og Dag Rune Lid.

Fullstendig program på nll.no

Påmelding: André Heian (411 01 223)

frå formannen på staden.

– Sundagen talte eg ut frå Josva (kap. 7) om synda som kom inn mellom Guds folk, og korleis det bannlyste godset som kom inn mellom folket, gjorde at dei kom inn under Guds vreide og dom.

– I bygda var det ein prest som var positiv til homofilt samliv, og eg anvende teksten inn i den dagsaktuelle situasjonen og understreka det som står i Rom 16:17: «Men eg formanar dykk, brør: Hald auga med dei som valdar kløyving og fråfall frå den læra de har teke imot. Vend dykk frå dei!»

– Eg sa: «Dersom det i denne bygda er ein vranglærande prest, så skal de vende dykk frå han, etter det ordet vi las». Då var det ei eldre kvinne som slo hendene saman, og fleire andre som rista på hovudet.

– Når det gjaldt biskopen som då

var på Møre, sa eg at han var den farligaste av alle biskopane for Guds folk. Eg grunn gav dette med at han stod fram som ein som tilsynelatande heldt seg til Guds Ord, og at han derfor fekk ekstra inngang mellom Guds folk.

– Utsegna om biskopen vart i talen underbygd med at han på kyrkjemøtet i 1995 var med å opna for to syn i homofilisaka. Under dette møtet vart homofili ikkje rekna som kyrkjesplittande, og dei som lærde at homofilt samliv ikkje er synd - vart ikkje kalla for vranglærarar.

Han nemnde også at biskopen hadde vore med og sett inn den liberale biskopen i Nord-Hålogaland på den tida. Det var ei kjend sak at denne hadde gått ut og fronta homofilisaka i forkant, og likevel hadde biskopen vore med å innsett han.

– Dette var ei bygd der bedehus-

folket var kyrkjevenlege, og ein del slutta opp om kyrkja sjølv om presten var vranglærer. Til slutt i preika las eg frå Matteusevangeliet (3:2): «Vend om, for himmelriket er kome nær!»

